



Notat

Dato: 27.03.2017
Arkivsak: 2017/3035-1
Saksbehandlar: stiaas9

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet
Fylkestinget

Frå: Fylkesrådmannen

Årsrapport 2016 – Vaksenopplæringa

Hordaland fylkeskommune har som hovudmål at fleire vaksne i fylket skal få tilbod om å fullføre vidaregåande utdanning. Vidaregåande opplæring for vaksne tilfører naudsynt fagkompetanse til dei ulike regionane i fylket. Tilbodet gjev den einskilde vaksne høve til å fullføre vidaregåande utdanning og stå betre i arbeidsmarknaden. Ved inngangen til 2016 stod om lag 40.000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, yrkeskompetanse eller studiekompetanse.

I 2016 var det totalt 2855 kursplassar, fordelt på 3 inntak og 16 ulike undervisningsstader i heile fylket. I 2016 fekk vaksne opplæring i alle dei 8 yrkesfaglege utdanningsprogramma, fordelt på 28 yrkesfag, i tillegg til studiekompetansefaga.

I år er årsrapporten i eit nytt formatt. For betre å kunne dela innhaldet i rapporten på nett og via sosiale medium, er no rapporten digital. Det nye formatet er også ein meir kostnadseffektiv måte å arbeide på.

<http://www.hordaland.no/vo-arsrapport>